

## **PROSJEKTPLAN: TIDLEG INNSATS I OPPVEKSTSEKTOREN RADØY KOMMUNE 2018**

### **Heimel**

Kommunelova § 77.4 pålegg kontrollutvalet å sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunane. Forvaltningsrevisjon inneber mellom anna systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.<sup>1</sup>

### **Bakgrunn**

Denne revisjonen tek utgangspunkt i tidleg innsats forstått i lys av St. meld. 16 (2006-2007) ... *og ingen sto igjen* og St. meld. 18 (2010-2011) *Læring og fellesskap*. Desse stortingsmeldingane omtalar tidleg innsats som eit prinsipp.<sup>2</sup> Stortingsmelding 18 2010/2011 peikar òg på St.meld. nr. 11 (2008–2009) *Læreren – rollen og utdanningen* som ei stortingsmelding knytt til tidleg innsats. Sistnemnde stortingsmelding er ikkje vektlagd som utgangspunkt for revisjonen.

Målet med tidleg innsats er at innsats mot faglege og sosiale utfordringar skal kome tidleg i livet, og kome snøgt etter avdekka behov:

«Forskning viser at norsk utdanning har vært preget av en vente- og se-holdning. Troen på at problemene løser seg etter hvert, viser seg i mange tilfeller å være feil. Derfor introduserte departementet «tidlig innsats» som strategi. Nødvendige tiltak skal settes inn tidlig i utdanningssystemet og når utfordringer oppdages.» (St.Meld 18 (2010-2011, s.8).

Kommunelova gjev kommunane stor grad av sjølvstyre. Dette medfører at det vil finnast ulike lokale system og rutinar for å kartlegga og vurdere behov, iverksetje tiltak og følgja opp tiltaka. Radøy kommune nyttar eit system som heiter la Linea, som vart vedteken i 2011.

### **Føremål**

Føremålet med forvaltningsprosjektet er å sjå nærare på kommunen si organisering, kommunen sine styringssystem, praksis i skular og barnehagar og om kommunen stettar lovkrav som kan knytast til tidleg innsats. Radøy har vedteke å nytte La Linea som system, vi vil difor sjå på korleis dette er utforma og om det blir nytta på ein måte som sikrar tidleg innsats» Revisjonen vil også sjå på korleis kommunen varetek elevane sine behov ved kritiske punkt - såkalla knekkpunkt- i La Linea. Til sist vil revisjonen undersøke om sakshandsaminga er i samsvar med lovverk og egne føringar.

### **Førebels problemstillingar<sup>3</sup>**

Problemstilling 1: Har Radøy kommune system for å sikre tidleg innsats i oppvekstsektoren?

Problemstilling 2: Oppfyller Radøy kommune krava om styrkt lærartettleik på 1-4 trinn i

<sup>1</sup> Sjå kap. 3 i revisjonsforskrifta og kap. 5 i kontrollutvalsforskrifta for utfyllande informasjon.

<sup>2</sup> St.Meld 16 2006/07 s. 29 og St. Meld 18 2010/11 s. 29.

<sup>3</sup> Problemstillingane kan verta endra om det syner seg teneleg eller naudsynt. Dette vil kunne ha ringverknadar for revisjonskriteria.

opplæringslova § 1-3 andre ledd ?

Problemstilling 3: Kva system har Radøy kommune for å vareta elevane sine behov ved overgang mellom barnehage, barneskule og ungdomsskule?

Problemstilling 4: Er sakshandsaminga knytt til spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning i samsvar med lovverk og eigne føringar?

### **Avgrensing**

Tidleg innsats er eit prinsipp som skal nyttast når born opplever utfordringar av anten fagleg eller sosial karakter. Prinsippet kan såleis nyttast breitt, og avgrensingar er naudsynt for at forvaltningsrevisjonen ikkje skal verte for omfattande. Utfordringar av fagleg eller sosial karakter som fell inn under føresegnene om psykososialt miljø i opplæringslova kap. 9A vil ikkje inngå i revisjonen. System og rutiner knytt til kommunen si plikt til å tilby utvida SFO til born med særskilde behov etter opplæringslova §13-7 vil ikkje inngå i revisjonen. Overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande skule, herunder kommunen sine plikter overfor elevar som kjem inn under opplæringsforskrifta §6-15, fjerde ledd, vil ikkje inngå i revisjonen.

Dette prosjektet vil fokusere på systemnivå, der ein kartlegg kommunen sine system og rutinar for å yte tidleg innsats. Fokus vil vera på kva system, rutinar og retningslinjer som er etablerte.

### **Revisjonskriterium**

Omgrepet revisjonskriterium viser til dei krav og forventningar ein kan stille til den funksjon, aktivitet eller prosedyre som er gjenstand for forvaltningsrevisjon, jf. RSK 001. Innafor ramma av eit kommunalt forvaltningsrevisjonsprosjekt, vil det vere føremålsteneleg å avgrense prosjektet til å sjå på eit utval av slike revisjonskriterium.

I dette prosjektet vil revisjonskriterier verta utleia med grunnlag i m.a.:

- Opplæringslova
- Barnehagelova
- Forvaltningslova
- Aktuelle forskrifter
- Stortingsmeldingar
- Aktuelle rundskriv og rettleiarar
- Politiske vedtak og styringsdokument i Radøy kommune.

### **Metode**

Prosjektet vert lagt opp etter RSK 001: *"Forvaltningsrevisjon organisert som prosjekt"*. Revisjonen vil nytta intervju, spørjeundersøking og dokumentanalyse for å svare på problemstillingane i prosjektet.

Det vil vere aktuelt å intervju leiarar og tilsette ved skular og barnehagar, oppvekstsjef og rådmann. Andre einingar med tiltak nemnd i La Linea kan òg verte aktuelle for intervju. Alle intervju vert verifisert, dvs at intervjuobjektet les igjennom og godkjenner innhaldet i referatet frå intervjuet. Revisjonen vil innhente og analysere data frå m.a KOSTRA og GSI. Det vil verte gjennomført ei anonym kvantitativ spørjeundersøking retta mot tilsette i skular og barnehagar.

Førebels rapport vert sendt rådmann for uttale, og svarbrev vil følge endeleg rapport.

### **Organisering og ansvar**

Revisjonen tek initiativ til oppstartsmøte med rådmann og oppvekstsjef. Rapporten vert oversendt kontrollutvalet for handsaming, og kontrollutvalet avgjer om rapporten skal leggest fram for kommunestyret.

### **Tidsplan**

Prosjektet vil kunne starte opp våren 2018 og prosjektet kan handsamast i kontrollutvalet seinast siste kvartal i 2018.